



Dokumenttype:	Dokumenteigar:	Dokumentnummer:	Versjon:	Gjeld for:
Rutine	Einingsleiar Legeteneste og rehabilitering	RMKS-89-178	2.0	Førde legesenter; Kommuneoverlege
Godkjent av:	Godkjent dato:			
[Godkjent av]	[Godkjent dato]			

Kontaktprosedyre ved sjukdomsrelatert frávær frå vidaregåande opplæring

I møte mellom Førde kommune og rektorane ved Hafstad og Mo/Øyrane vidaregåande skular 13.03.2017 er det komme til semje om følgjande framferd ved sjukdomsrelatert frávær frå undervisninga. Denne rutina gjeld elevar som har fastlege i Førde, Naustdal, Jølster og Gaular.

- Eleven sjølv skal ringe til legesenteret og melde frå om sjukdom til legesekretær/sjukepleiar som tek telefonen (tlf.57 72 21 50).
- Legesekretær/sjukepleier spør eleven om tilstanden.
- Er det medisinsk grunnlag for legetime får eleven legetime same dag. Då kan erklæring bli skreven som ein del av konsultasjonen.
- Er det medisinsk grunnlag for frávær, men ikkje for legetime, vert årsaken til fráværet journalført.
- Eleven vert ført opp i timeboka til fastlege, med merknad «attest». Legen sjekkar notatet i løpet av dagen. Om legen finn grunn for å ta inn eleven til legetime eller få meir informasjon, vert eleven kontakta av fastlegen (medisinsk årsak, høgt frávær eller andre årsaker).
- Er det ikkje medisinsk grunnlag for fráværet, er det ikkje grunnlag for legeerklæring.
- Om fráværet strekker seg over fleire dagar, må eleven ringe legesenteret og informere om fráværet kvar dag fráværet gjeld, og det vert ført i journal.

Ser eleven mot slutten av semesteret at det er behov for legeerklæring for å dokumentere frávær, må eleven bestille legetime for dette hos sin fastlege. Fastlegen skriv då ein samla legeerklæring for det fráværet som tidlegare er dokumentert i eleven sin journal. Ikkje-dokumentert frávær og frávær utan medisinsk årsak kan det ikkje skrivast legeerklæring for.

I situasjonar der eleven vert sjuk i løpet av ein skuledag, og må gå heim, kan eleven som tidlegare ta kontakt med helsesøster ved skulen for ein vurdering. Helsesøster kan då skrive helseerklæring for dokumentasjon av fráværet den dagen. Om det ikkje er helsesøster på skulen den gjeldande dagen, må eleven ta kontakt med legekantoret.

Førde, 14. mars 2017

Øystein Furnes

Kommuneoverlege